

# Valreglement for Studenttinget på Vestlandet



Dokumentet	Valgereglement
Opprinnelse	ST-1/17
Versjon	7.0
Vedtatt	ST-3/23
Implementert 30.03.2023	Ruth Emilie Nygråd (AU)

## 1 Kapittel 1 - Generelle føresegner

### 2 §1-1 Verkeområde

3 Valreglementet gjeld for alle personval til Studenttinget på Vestlandet (STVL) og ved  
4 personval der Studenttinget er valforsamling.

### 5 §1-2 Vilkår for kandidatar til val

6 For val utført i samsvar med valreglementet er det krav om at kandidatar er studentar ved  
7 Høgskulen på Vestlandet (HVL) i valsemesteret. Dette gjeld berre dersom anna ikkje er  
8 spesifisert i valreglementet. Medlemar i arbeidsutvalet har moglegheit til å stille til val sjølv  
9 om dei ikkje er studentar ved HVL i valsemesteret.

### 10 §1-3 Gjensidig utelukkande verv

- 11 (1) Verv som representant, arbeidsutvalsmedlem og kontrollkomitémedlem i Studenttinget  
12 er gjensidig utelukkande.
- 13 (2) Verv i arbeidsutvalet til Studenttinget er gjensidig utelukkande med verv som  
14 studentrepresentant i Høgskulestyret ved Høgskulen på Vestlandet, arbeidsutvalet i  
15 Velferdstinget i Vest og styret i Studentsamskipnaden på Vestlandet. Verv i  
16 arbeidsutvalet til Studenttinget, verv i klagenemnda og verv i skikkavurderingsnemnda er  
17 gjensidig utelukkande.
- 18 (3) Representantar i Høgskulestyret er gjensidig utelukkande med utdanningsutvalet,  
19 samhandlingsutvalet og FI-utvalet.

### 20 §1-4 Funksjonstid i verv

21 Alle studentar som er valte inn i verv etter dette reglementet har ein valperiode på eitt år,  
22 med mindre anna er fastsett eller blir bestemt, og har blitt eksplisitt opplyst om før valet.  
23 Funksjonstida til eit verv skal alltid opplysast om før valet.

### 24 §1-5 Valform

25 Alle val utført i samsvar med valreglementet utførast som preferanseval, dersom ikkje anna  
26 er spesifisert i valreglementet. Preferanseval er utdjupa i kapittel 5 - valformer og  
27 framgangsmåtar ved val.

28 *§1-6 Valkrinsar*

29 Ved val utført i samsvar med dette valreglementet er studentane ved Høgskulen på Vestlandet delt  
30 inn tre valkrinsar; campus Sogndal og campus Førde utgjer valkrins Nord, campus Bergen utgjer  
31 valkrins Midt, og campus Stord og campus Haugesund utgjer valkrins Sør. Der regionar eller  
32 valkrinsar er nemnt i valreglementet, er det desse som er meint. I valder Studenttinget er  
33 valforsamling, vert Studenttinget rekna som gjeldande valkrins.

34 *§1-7 Endringar og unntak*

35 Endringar av valreglementet skjer i tråd med Vedtekter for Studenttinget på Vestlandet.  
36 Unntak frå valreglementet kan gjerast med kvalifisert fleirtal (definert i Vedtekter for  
37 Studenttinget på Vestlandet).

38 **Kapittel 2 - Innstillingskomitéen**

39 *§2-1 Samansetjing*

40 (1) Innstillingskomitéen skal vere samansett av 4 medlemar, etter følgjande kriterier: 1 relevant  
41 ekstern person, 1 person med tidlegare tilknytning til Studenttinget, 1 representant frå eit  
42 studentråd og 1 person valt blant de faste representantane i Studenttinget.

43 *§2-2 Ansvarsområder*

44 (1) Arbeidsutvalet har ansvar for å finne kandidatar til val til Studenttinget, arbeidsutvalet til  
45 Studenttinget og val der Studenttinget er valforsamling. Arbeidsutvalet har ansvar for den  
46 praktiske gjennomføringa av valet til Studenttinget, og for utrekning og sikring av dette valet  
47 i samråd med kontrollkomiteen.

48 (2) Innstillingskomitéen har ansvar for å innstille i val til arbeidsutvalet av Studenttinget.  
49 Innstillinga skal leggjast fram for Studenttinget med presentasjon av kandidatane og  
50 grunngjeving for innstilling på valmøtet.

51 (3) Innstillingskomitéen har ansvar for å innstille i val til Høyskolestyret. Innstillinga skal leggjast  
52 fram for Studenttinget med presentasjon av kandidatane og grunngjeving for innstilling på  
53 valmøtet.

54 *§2-3 Val*

55 Innstillingskomitéen skal veljast av Studenttinget på det fyrste møtet i vårsemesteret.  
56 Funksjonstid for vervet er fram til arbeidsutvalet av Studenttinget er valt. Val til  
57 innstillingskomiteen er unnateke §1-2 vilkår for kandidatar til val. Dersom medlem av  
58 innstillingskomitéen ynskjer å stille som kandidat til arbeidsutvalet i Studenttinget, må dei trekkje  
59 seg frå innstillingskomiteen innan fristen for å melde kandidatur som skal bli vurdert av  
60 innstillingskomitéen. Ingen andre enn Studenttinget kan supplera inn medlemmar til  
61 innstillingskomiteen.

62            **Kapittel 3 - Val til Studenttinget på Vestlandet**

63            *§3-1 Val*

64            Val av representantar til Studenttinget på Vestlandet skal utførast som preferanseval, der  
65            valresultatet skal reknast ut ved enkel stemmeoverføring (single transferable vote, utdjupa i  
66            kapittel 6 - valformar og framgangsmåtar ved val). Valet skal skje ved elektronisk urneval og  
67            ha ein varigheit på 7 døgn. Arbeidsutvalet utarbeidar stemmesetlar med dei føreslegne  
68            kandidatane. Berre desse stemmesetlane kan nyttast ved valet. Val av representantar til  
69            Studenttinget for påfølgjande kalenderår skal skje i løpet av haustsemesteret.

70            *§3-2 Tilhøyrse*

71            Studentar har berre høve til å stille til val som representantar for og i den valkrinsen dei sjølv  
72            tilhøyrer. Dersom ein tilhøyrer fleire krinsar, må ein velje éin valkrins og forhalde seg til den.

73            *§3-3 Stemmerett*

74            Alle studentar ved Høgskulen på Vestlandet har stemmerett i val til Studenttinget. Studentar  
75            har berre høve til å stemme på kandidatar innanfor den valkrinsen dei sjølv tilhøyrer. Dersom  
76            ein tilhøyrer fleire krinsar, må ein velje éin valkrins og forhalde seg til den.

77            *§3-4 Representantfordeling*

78            Det skal veljast ei på førehand bestemt mengd representantar til Studenttinget på  
79            Vestlandet. 25% av desse skal veljast frå valkrins nord, 50% frå valkrins midt og 25% frå  
80            valkrins sør. Vararepresentantane i kvar valkrins skal vere nummererte.

81            *§3-5 Kvotering*

82            Kwart campus i valkrins nord og valkrins sør skal vere representert i Studenttinget med minst  
83            to representantar, og kvart fakultet i valkrins midt skal vere representert i Studenttinget med  
84            minst to representantar. Dersom eit fakultet eller eit campus ikkje er tilstrekkelig  
85            representert i Studenttinget skal det kvoterast inn tilstrekkelig mengd representantar frå det  
86            underrepresenterte fakultetet eller campusen, slik at alle fakultet og campus møter  
87            minstekravet til representasjon.

88            **Kapittel 4 - Val der Studenttinget er valforsamling**

89            *§4-1 Valforsamling*

90            Studenttinget er valforsamling ved val av studentar til styrer, råd og utval på institusjonsnivå  
91            ved Høgskulen på Vestlandet. Studenttinget er også valforsamling ved val av representantar  
92            til grupper, komitéar og liknande som Studenttinget sjølv set ned eller får førespurnad om å  
93            velje/oppnemne representantar til. Studenttinget har mynde til å delegere val vidare til  
94            studentråda eller andre relevante grupper.

95            *§4-2 Val gjennomført av arbeidsutvalet*

96            (1) Arbeidsutvalet til Studenttinget kan føreta val til ikkje-permanente arbeidsgrupper.

- 97 (2) Ved valsaker der det ikkje er mogeleg å vente til neste studenttingsmøte, kan arbeidsutvalet  
98 til Studenttinget oppnemne representantar mellombels til neste møte. Valet skal  
99 gjennomførast som ordinært val på førstkomande studenttingsmøte.

#### 100 §4-3 Val til arbeidsutvalet til Studenttinget

- 101 (1) Studenttinget er valforsamling for arbeidsutvalet til Studenttinget. Val av leiar gjerast  
102 enkeltvis. Resten av arbeidsutvalget vert valt i fem valomgangar:  
103 a. Kandidatene til 100% i nord i eit val.  
104 b. Kandidatene til 100% i Bergen i eit val.  
105 c. Kandidatene til 100% i sør i eit val.  
106 d. Kandidatene til 30% i nord i eit val.  
107 e. Kandidatene til 30% i sør i eit val.

108 For region nord skal det vere ein representant frå kvar campus. Dersom den eine stillinga ikkje  
109 fyllast opp før studentvalet, er det mogleg å supplere inn med ein representant frå campusen  
110 som allereie er representert.

- 111 (2) Valperioden for arbeidsutvalet er 1. juli i valåret til 30. juni påfølgjande år. Studenttinget sitt  
112 arbeidsutval skal veljast på det siste møtet i vårsemesteret.

#### 113 §4-4 Val til Høgskulestyret

114 Studenttinget skal velja studentrepresentantar til Høgskulestyret ved Høgskulen på  
115 Vestlandet i tråd med §9-4 i universitets- og høyskoleloven, og andre føresegner sette av  
116 Høgskulestyret sjølv. Studentrepresentantane skal veljast på det siste møtet i  
117 vårsemesteret.

#### 118 §4-5 Val til Kontrollkomitéen

- 119 (1) Kontrollkomitéen skal veljast av Studenttinget. Kontrollkomitéen skal bestå av tre medlemar.  
120 Det skal også veljast tre nummererte varamedlemmer. Val til kontrollkomitéen er unnateke  
121 §1-2 vilkår for kandidatar til val. Kontrollkomitéen skal veljast på det siste møtet i  
122 vårsemesteret. Dersom medlemar av kontrollkomitéen ynskjer å stille som kandidatar til  
123 nokon av dei gjensidig utelukkande verva nemnd i §1-3, må dei trekkje seg frå  
124 kontrollkomitéen innan valet gjennomførast. Dersom det er behov kan Studenttinget velje  
125 settevara i møtet.

#### 126 §4-6 Val av delegatar til Landsmøte i Norsk Studentorganisasjon

127 Studenttinget skal velja delegatar til Landsmøte i Norsk Studentorganisasjon (NSO) i samsvar  
128 med retningslinjer og fristar sette av NSO.

#### 129 §4-7 Val av representantar til Velferdstinget i Vest

130 Studenttinget skal velja representantar til Velferdstinget i Vest (VtV) i samsvar med  
131 retningslinjer gitte av VtV.

132

133      Kapittel 5 - Valformer og framgangsmåtar ved val

134      §5-1 Framgangsmåtar ved preferanseval

135      §5-1.1

136             Ved preferanseval prioriterar veljaren kandidatar via stemmesetelen. Alle preferanseval  
137             utførte i Studenttinget skal vere skriftlege.

138      §5-1.2 Akklamasjon:

139             I val der det er like mange eller færre kandidatar enn verv, kan valet gjennomførast ved  
140             akklamasjon. Valet skal gjennomførast skriftleg dersom nokon ynskjer dette.

141      §5-1.3 Fristar:

142             (1) Forslag på kandidatar i val til Studenttinget må vere innkomne til arbeidsutvalet innan ei veke  
143             før gjennomføring av val. Når arbeidsutvalet mottok forslag på kandidatar, skal dei  
144             føreslegne kandidatane straks informerast for stadfesting av kandidatur.

145             (2) Forslag på kandidatar til val av leiar av arbeidsutvalet og medlem av arbeidsutvalet til  
146             Studenttinget, må vere innkomne til innstillingskomitéen innan to veker før valmøtet.  
147             Kandidatar som vert meld inn seinare enn dette vil ikkje bli vurderte av innstillingskomitéen.

148             (3) Med mindre anna er bestemt er frist for å melde kandidatur til val der Studenttinget er  
149             valforsamling sett til før første kandidat sin valtale startar. Dersom ein sjølv ikkje har høve til  
150             å stille på møtet der valet finn stad, skal kandidaturet vere meld skriftleg til Studenttinget  
151             innan første valtalene ved det aktuelle valet startar.

152      §5-1.4 Benkjeforslag:

153             Benkeforslag kan fremjast på møtet innan første valtale, personen som blir benka må også  
154             være til stades på møtet. Personar som vert benka må godkjenne benkinga. Alle med  
155             forslagsrett i Studenttinget kan benka kandidatar.

156      §5-1.5 Valtale:

157             Kandidatar gjevast høve til å halde ein valtale på inntil tre minuttar. Personar med talerett  
158             har i etterkant av alle valtalane høve til å stille spørsmål til kandidatane. Kandidatar som ikkje  
159             har høve til å delta fysisk på møtet skal, avhengig av kva som er praktisk mogleg, få høve til å  
160             halde valtale og svare på spørsmål digitalt, eller å sende inn ein video på førehand som vert  
161             spelt av på møtet. Det er berre kandidaten sjølv som kan visast på videoen. Videoen må være  
162             tilsendt arbeidsutvalet innan møtestart.

163      §5-1.6 Votering:

164             (1) Kandidatar ein ynskjer å stemme på vert skrivne på stemmesetelen i prioritert rekkjefølgje og  
165             nummererast 1, 2, 3 osv., der 1 er høgaste prioritering. Det kan skrivast opp fri mengd  
166             kandidatar, frå ingen (blanke stemmer) til alle kandidatane som stiller til val. Nummereringa  
167             av kandidatane må vere etterfølgjande.

168             (2) Unummererte stemmesetlar, stemmesetlar som inneheld andre namn enn oppmelde  
169             kandidatar og stemmesetlar med same namn to eller fleire  
170             gongar vert forkasta.

171 §5-1.7 *Vara:*

- 172 (1) Om ingen krev noko anna kan eventuelle vara veljast samstundes med faste representantar.  
173 Då vil den kandidaten med høgast stemmepoeng av dei som ikkje vert valt til fast  
174 representant verte valt til 1. vara, den neste til 2. vara osv.
- 175 (2) Ein kandidat kan velje å berre stille som vara, men ikkje å stille til ein bestemt varaplass. Om  
176 ein kandidat som berre stiller til vara får stemmepoeng som tilseier at kandidaten skulle blitt  
177 valt til fast representant, flyttast denne ned til den plassen på varalista som tilsvarer sine  
178 stemmepoeng.
- 179 (3) Dersom det er behov, kan Studenttinget velje ein settevara. Settevara vert valt ved  
180 alminneleg fleirtal, og vil ha funksjonstid fram til møtet er heva.

181 §5-2 *Single transferable vote*

- 182 (1) Ved utrekning av valresultat i preferanseval vert det brukt enkel stemmeoverføring (Single  
183 transferable vote).
- 184 (2) I eit val som utreknast ved single transferable vote treng ein kandidat ei minimumsmengd av  
185 stemmer for å bli valt. Dette vert kalla valtalet. Valtalet vert gitt ved formelen:

$$\text{Stemmer som trengs} = \left( \frac{\text{avgitte stemmer}}{\text{seter som velges} + 1} \right) + 0,01$$

- 186  
187
- 188 (3) Ved digitale val gjennomført i Studenttinget, kan ein nytte ein formel for utrekning for valtal  
189 som legg til ein koeffisient lågare enn 0.01, men høgare enn 0.
- 190 (4) Kandidatar som når opp til valtalet:  
191 Først tel ein opp kor mange stemmer kvar einskild kandidat har fått. Dersom ein kandidat har  
192 fått nok stemmer til å nå opp til valtalet, er vedkomande valt. Dersom fleire kandidatar enn  
193 det som skal veljast oppnår valtalet, er det den med flest stemmer over valtalet som skal  
194 prioriterast. Dersom dette er likt, skal det trekkjast lodd om kven som får plassen.
- 195 (5) Om det er berre ein kandidat igjen og kandidaten ikkje når valtalet, avsluttes valet uten at  
196 noken blir valt.
- 197 (6) Ingen kandidatar som når opp til valtalet:  
198 Dersom ingen kandidatar har fått nok stemmer til å nå opp til valtalet, og det framleis er  
199 fleire kandidatar enn verv, skal den kandidaten som har lågast stemmetal strykast frå alle  
200 stemmesetlane. Dersom to eller fleire kandidatar har likt stemmetal avgjerast det ved  
201 loddtrekkjing kven som skal strykast. På stemmesetlane der den strøkne opprinneleg stod  
202 først, skal det teljast opp kven som har rykka opp til førsteplass. Desse stemmene kjem i  
203 tillegg til kandidaten sine stemmer frå førre oppteljing. Dersom det framleis ikkje er  
204 kandidatar som når opp til valtalet, skal denne prosessen gjentakast fram til ein kandidat når  
205 opp til valtalet.
- 206 (7) Tildeling av overskotsstemmer:  
207 Har ein kandidat fleire førstestemmer enn det kandidaten treng for å nå opp til valtalet, vert  
208 desse fordelt i samsvar med veljarane av den kandidaten sine andreval. Formelen for dette  
209 ser slik ut:  
210 *Stemmer overført frå førsteval til andreval =*  
211 *(stemmer til andreval / total mengd førstestemmer førsteval fekk) x mengd førstestemmer*  
212 *førsteval fekk høgare enn valtalet*

- 213 Denne utrekninga skal gjerast alle stader der veljarane av den valte kandidaten også har eit  
214 andreval, slik at ein til slutt har delt ut alle overskotsstemmene til den valte kandidaten.
- 215 (8) Ein skal halde fram med stryking av kandidatar og tildeling av overskotsstemmer frå dei valte  
216 inntil fastsett mengd kandidatar er valt.
- 217 (9) Kvotering:
- 218 Ved krav om kvotering flyttast kandidatar som kvoterast inn, opp tilstrekkeleg mange plassar  
219 til å bli valte.

#### 220 *§5-3 Utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget*

- 221 Ved utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget har §5-2 eit unntak. I byrjinga av kvar  
222 valrunde skal ein sjekke om kandidatar er valføre med tanke på den rangerte lista over  
223 ynskjer for fast arbeidsstad. Dersom alle dei rangerte alternativa til ein kandidat er tekne,  
224 stryk ein denne kandidaten. Stryking vert gjort i samsvar med §5-2. Etter stryking skal ein  
225 sjekke om det er kandidatar som når opp til valtalet, desse vert i så tilfelle valte. Ellers er  
226 framgangsmåten lik som i §5-2.

#### 227 *§5-4 Trekk og supplering*

- 228 (1) Dersom ein kandidat trekk seg i løpet av valet, reknast kandidaten sitt namn stroke frå alle  
229 stemmesetlane. Dette fører til at alle kandidatar med lågare prioritet rykkjer opp.
- 230 (2) Dersom ein fast representant trekk seg, eller tek på seg eit verv ein ikkje kan inneha som  
231 representant, reknast øvste rangerte vararepresentant som fast representant. Øvrige  
232 vararepresentantar nummererast på nytt i same rekkjefølge.
- 233 (3) Suppleringsval til Studenttinget gjennomførast av Studenttinget sjølv. Kandidater til  
234 suppleringsval må melde sitt kandidatur til Arbeidsutvalet minimum ein uke før møtet kor  
235 suppleringsvalet avholdes. Supplering av Studenttinget skal skje ved behov.

#### 236 *§5-5 Utrekning og sikring*

- 237 (1) Utrekning og sikring av valresultat i val til arbeidsutvalet til Studenttinget og der  
238 Studenttinget er valforsamling skal gjerast av kontrollkomiteen. Stemmetal skal ikkje  
239 kunngjerast til andre enn kandidatane sjølve.
- 240 (2) Utrekning og sikring av valresultat i val til Studenttinget skal gjerast av minimum to  
241 kontrollkomitémedlemar. Stemmetal skal ikkje kunngjerast til andre enn kandidatane sjølve.
- 242 (3) Ved val til Studenttinget skal det lagast ein protokoll som skal signerast av leiar av  
243 arbeidsutvalet og eitt medlem av kontrollkomiteen innan 10 virkedagar etter utrekning.  
244 Protokollen skal innehalde kandidatane sine namn, valresultat, oppsummering av  
245 utrekningane og stemmetal i valkrins og på institusjonsnivå. Protokollen skal vere unnateke  
246 offentlegheita, og skal berre framvisast dersom det er strid om valresultatet.